



Sørgjegudsteneste¹

- 1 Ordninga skal primært brukast i samband med katastrofar og store ulukker med tap av menneskeliv. Ho skal brukast stutt tid etter at katastrofen/ ulukka er vorten allment kjend. Ordninga kan og tilpassast slik at ho kan brukast ved meir varande krisetilstand der kyrkjelyden er kalla til å syna omsut.
 - a) Gudstenesta vert halden i kyrkja
 - b) på ulukkestaden,
 - c) der dei det gjeld, er samla,
 - d) der dei det gjeld, bur,
 - e) i dei kyrkjelydane som vil samlast i deltaking og forbøn i den aktuelle situasjonen.
- 2 Gudstenesteordninga er rettleiande. Situasjonen avgjer kva for ledd som bør brukast. Bønene kan formulerast med omsyn på den særskilde situasjonen. Ordninga for gudstenesta bør i kvart konkret tilfelle liggja føre i eit enkelt hefte med både tekstar, salmar og bønner.
- 3 Liturgen og dei som elles er med, skal halda seg til dei opplysningane om ulukka som er offisielt stadfeste.
- 4 Kyrkja bør vera open i god tid før gudstenesta. Sameleis bør det, for dei som ynskjer det, vera høve til å vera att i kyrkja etter at gudstenesta er slutt. Tidsrammene bør kunnngjerast på førehand og nemnast i det prenta programmet. Det bør vera lett å firma prestar / sjelesørgjarar å samtala med i kyrkja både før og etter gudstenesta.
- 5 Når ein førebur gudstenesta, lyt ein ta omsyn til at dei som har vore ute for ulukka, kan ha ein annan bakgrunn enn Den norske kyrkja.
- 6 I koret kan det på ein høveleg stad vera stilt opp/lagt ut særskilde sorgsymbol (t.d. blomkrossar eller hjarte), som dei næraste kan ta med seg heim. Her må ein ta omsyn til livssynet og den religiøse bakgrunnen åt dei som har vore utsette for ulukka, og åt dei næraste. Men bruken av slike symbol må ikkje bryta med karakteren åt samlinga som kristen gudsteneste.
- 7 Sorgsymbol og heidersvisingar må - like eins som salmar, songar og eventuelt dikt - godkjennast på førehand av den presten som har hovudansvaret. All musikken skal godkjennast av organisten på førehand.
- 8 Ein halv time før gudstenesta ringjer ein fem minuttar med kyrkjeklokka. Seinare ringjer ein ti minuttar før gudstenesta tek til, dei siste fem minuttane med klemting av same klokka. Når gudstenesta sluttar, slår ein tre gonger tre slag.
- 9 Liturgen og andre som medverkar, kan ta imot dei som kjem til gudstenesta, i våpenhuset. Med unntak av representantar for kongehuset finn og forlet offisielle gjester sjølve plassane sine.

¹ Denne liturgien er vedteke av Kyrkjemøtet i 1991 og utgjeve som tillegg til i «Gudstenestebok for Den norske kyrkja, del I/II» i 1993. Bibeltekstane er henta frå Den norske bibelselskapet si 2024-oversetting. Fadervår er frå 2011, men har lenke til oversetjingane fra 1985 oog 1938.

- 10 Prest(ar) og diakon eller kyrkjeleg medarbeidar som står sentralt i hjelpearbeidet eller tilhører den lokale kyrkjelyden, forrettar ved gudstenesta. Der det ligg til rettes for det, kan biskop eller prost halda preika, eventuelt også leia forbøna og lysa velsigninga.
- 11 Til innleiing i gudstenesta kan det under preludiet vera ein stille prosesjon, der dei som gjer teneste, og eventuelt kor, er med.
- 12 Dei som gjer teneste, ber liturgisk drakt. Den liturgiske fargen er fiolett. Messehaket, eventuelt korkåpe, skal ikkje nyttast.
- 13 Etter samråd med organisten kan det vera med kor eller instrumentalgruppe, song- eller instrumentalsolist i gudstenesta. Det skal framførast berre eitt stykke på kvar av dei stadene der ordninga gjev høve til slike innslag. Så langt det er råd, bør koret stå slik at det er fritt syn til altaret. Koret må te seg så diskret som råd er.
- 14 Eventuell mediedekning må vera diskret og utan fokusering på dei næraste.

1 | Inngang

Liturgar og eventuelt kor kan gå inn i stille prosesjon. I samband med eller i staden for preludium kan det syngjast ein salme. Alternativt kan det framførast annan høveleg instrumental- eller vokalmusikk.

2 | Intimasjon

Frå lesepulten seier liturgen eller ein annan av dei som medverkar, nokre ord om bakgrunnen for at dei er samla, og om kven som er til stades.

Kyrkjelyden vert invitert til

- å vera saman i lidning og sorg,
- å la tankane gå til dei som har mist livet (er sakna),
- å ropa til Gud i lidinga,
- å be Gud om styrke og trøyst.

3 | Klagebøn

Frå lesepulten innbyd liturgen til klagebøn, med eit av desse orda eller med ei liknande formulering:

ANTEN A

L | Våre ord vert fattige i møtet med det ufattelege. Lat oss difor henta ord frå Bibelen til vår klage og bøn.

ELLER B

L | Gud er ikkje langt borte frå nokon av oss. Lat oss difor her i Guds hus opna hjarto våre og klaga vår naud for han.

ELLER C

L | Guds ord seier: Herren er nær hos alle som kallar på han, hos dei som har eit sundbrote hjarta. **SALME 145,18 OG 34,19**

Deretter kan ein innleia klagebøna med:

L | Lat oss venda oss til Gud med vårt klagerop.

Liturgen kneler på altarringen under klagebøna.

Frå djupet ropar eg til deg, Herre.
Herre, høyr mi røyst!
Vend øyret til mitt rop om nåde.
Herre, høyr mi bøn og lytt til mitt rop,
ver ikkje døv når eg græt! **SALME 130,1-2 OG 39,13**

Ver meg nådig, Herre, for eg er i naud.
Auget sløvest av bitter sorg,
pust og kropp svinn bort. **SALME 31,10**

Eg er forlaten mellom dei døde. **SALME 88,6**

Framleis er klaga mi trassig. **JOB 23,2**

Difor vona eg på det gode,
men det vonde kom,
eg venta på lys,
og det vart mørker.
Det koker i meg, ustanseleg.
Eg har møtt trengsles dagar. **JOB 30,26-27**

Auga er såre av gråt. **KLAG 2,11**

Vi veit ikkje kva vi skal gjera;
men auga våre er vende mot deg. **2 KRØN 20,12**

Klagebøna held fram med ei av dei følgjande bønene eller ei anna, liknande bøn, som er laga for høvet:

ANTEN A

L | Herre, i vår ulukke er vi komne til ditt hus med vår klage og vår bøn. Ver nær hjå oss når vi lid og sørgjer. Vend øyra til våre rop.

ELLER B

L | Herre, vi er komne til ditt hus med vår klage og vår bøn. Vi ropar til deg om det ufattelege som har hendt: Kvifor, Herre? Kvifor? Vi kjenner avmakt og fortvilning. Sjå våre tårer! Høyr våre rop! Lyd på vår klage!

Klagebøna kan avsluttast med eit Kyrie.

Etter bøna går liturgen attende til plassen sin i koret.

4 | Salme

I tillegg til salmen kan det her framførast ein solosong eller ein korsong, dersom det er ynskjeleg.

5 | Helsing

Ein offisiell representant eller ein representant for dei som hendinga vedkjem, kan her bera fram ei stutt helsing.

6 | Opplesing av namn

Frå lesepulsten kan ein annan av dei som medverkar, innleia ei eventuell opplesing av namna med følgjande eller liknande ord:

Lat oss reisa oss og høyra namna på dei vi i dag saknar.

Namna på dei som har mist livet (og dei som er sakna), vert lesne tydeleg (eventuelt med alder og bustad).

Lyden kan stå under namneopplesinga, som vert avslutta med:

Fred vere med deira minne.

7 | **Musikk**

Her kan det framførast vokal- eller instrumentalmusikk av meditativ karakter. Eventuelt kan ein lesa ein salme eller eit dikt som høver i samanhengen.

8 | **Tekstlesing og tale**

9 | **Salme**

10 | **Kveiking av ljøs**

Ein av dei som medverkar, seier:

Når vi no skal be, lat oss kveikja ljøs som teikn på at Kristus, verdsens ljøs, er nær i vårt mørker.

Ein av dei som medverkar, eller representantar for dei næraste, mellom dei gjerne eit barn, kan kveikja eit eller nokre fåe ljøs som er sette fram sentralt i koret. Talet på ljøsa skal ikkje svara til eventuelt tal på dei som har mist livet.

11 | **Forbøn**

Liturgen går for altaret.

ANTEN **A**

L vend mot altaret | Herre Gud, himmelske Far. Vi rettar hendene våre fram mot deg. Vi bed om at du må vera nær med von og trøyst til alle som er råka av denne ulukka.

Vi bed særskilt for born, ektemakar, foreldre og sysken, for familie, vener og andre som står dei omkomne (eller dei som er sakna) særleg nær. Vi bed òg for kollegaer og arbeidskameratar og for alle som er tyngde av sorg. Gjev dei styrke til å bera sorga og lidinga i dag. Gjev dei mot til å møte dagane som kjem. Vi bed for hjelpearbeidarane og innsatsen deira.

Vi takkar deg for alle som i desse dagane syner omsorg og gjev av si tid og sine krefter for å hjelpa. Og vi takkar deg for Son din, Jesus Kristus, som i si oppstode gav oss vona om det ævelege livet. Amen.

ELLER **B**

Ein av dei som medverkar, går til lesepulten, og liturgen går for altaret.

Ein av dei som medverkar, ved lesepulten | Lat oss be til Gud, vår himmelske Far.

L vend mot altaret | Himmelske Far! Du kjenner oss alle og ser vår naud i denne stunda. Vi tenkjer på dei som er rivne bort frå oss (og dei som er sakna). Vi tenkjer på alt vi har delt med dei, og takkar deg for det gode vi ber med oss vidare. Lat vonde minne mildnast i din nåde. Ver nær hjå oss i vårt mørker.

A | Herre, høyr vår bøn!

Ein av dei som medverkar, ved lesepulten | Lat oss be om Guds omsut for dei som i dag ber liding og sagn.

L | Himmelske Far! Hald di hand over horn, ektemakar, foreldre og sysken, over familie, vener og andre som står dei som er omkomne (eller dei som er sakna) særleg nær, og som no er tyngde av sorg. Til deg kjem vi med våre tårer og vår angest, med vår fortvilning over det gåtefulle. Ver nær hjå oss når vi skal møta dagane som kjem.

A | Herre, høyr vår bøn!

Ein av dei som medverkar, ved lesepulten | Lat oss be for alle som er med på å hjelpa.

L | Himmelske Far! Vi takkar deg for alle dei som er engasjerte med å hjelpa. Vi takkar deg for alle som syner omsut og gjev støtte, og vi bed deg: Gjev oss alle di kraft, så vi ber byrdene for kvarandre og trøystar så langt vi evnar.

A | Herre, høyr vår bøn!

Ein av dei som medverkar, ved lesepulten | Lat oss be om Guds ljøs.

L | Himmelske Far! Vi takkar for at di omsut ikkje tek slutt, jamvel om det er vondt å fatta det no. Lat oss sjå ditt ljøs i det mørkret som lidinga fører oss ned i. Møt oss, Gud, i Son din Jesus Kristus. Skap von i oss, når vi kjenner oss tome.

A | Herre, høyr vår bøn!

I båe tilfella kan liturgen avslutta forbøna med Amen og seia, vend mot lyden:

Lat oss no kvar for oss tenkja på våre kjære og bera tankane våre fram for Gud.

Etter at det har vore stilt ei stund, avsluttar liturgen bøna med Amen og held fram:

Lat oss be Herrens bøn.

A | Vår Far i himmelen!

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld,

slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting,

men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt,

og makta og æra i all æve.

Amen

Ein kan og nytta [Fadervår frå 1985](#) eller [Fadervår frå 1938](#)

12 | **Salme**

13 | **Velsigning**

L vend mot lyden | Ta imot velsigninga.

Lyden reiser seg.

L | Herren velsigne deg og vare deg. Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig. Herren lyfte sitt åsyn på deg og gjeve deg fred. +

Etter velsigninga slår ein tre gonger tre slag med ei av klokkene i kyrkja.

14 | **Velsigning**

Det kan framførast høveleg instrumentalmusikk, helst på orgel.

Ein kan setja fram ein ljosglobe eller eit bord med ljøs, slik at dei næraste kan kveikja ljøs på veg ut or kyrkja.